



Tore Fjellsbø
Fjellsbøvegen 145
5956 HUNDVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11762 - 20/46639

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
22.07.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 48/2 Fjellsbø Nordre

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 48/2
Tiltakshavar: Tore Fjellsbø

Alver kommune har den 16.06.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved tømning same dagen vart registrert at det er hol i tanken rett over utløpet. I tillegg manglar det dykk på utløpet i septiktanken på eigedommen din, med adresse Fjellsbøvegen 145, 5956 Hundvin. Når det manglar dykk på utløp i tanken, kan det føre til at kloakken renn ut i sandfiltergrøfta og tettar denne. Denne tilstanden og holet i tanken vil føre til at grunnen rundt tanken blir forureina.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensningslova § 7.

Tilstandane må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 22.09.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova §§ 7 og 73 .

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstandane, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når avløpsanlegget er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Tore Fjellsbø

Fjellsbøvegen 145

5956

HUNDVIN